



DEN NORSKE KYRKJA

Björgvin biskop

Alver kommune
Postboks 4,
5906 FREKHAUG

Dato: 30.06.2021

Vår ref: 21/02197-2 JZM

Dykkar ref:

Fråsegn - gbnr 138/18 - Alversund kirke

Vi viser til dykkar brev om planlagd bustad på gbnr 138/18 ved Alversund kyrkje. Alversund kyrkje er listeført som verneverdig

Både soknet og biskopen skal ha saker knytt til kyrkja sine omgjevnader til uttale, jf. rundskriv Q-06/2020 kap. 4.3.7: *Biskopen, og soknet som berørt eier, skal på vanlig måte høres i areal- og reguleringsplansaker som berører kirken og dens omgivelser.*

Vi veit ikkje om Knarvik sokn, v/Alver kyrkjelege fellestråd, har fått denne saka frå dykk, men vi sende den vidare til fellestrådet 4. juni.

I den grad tiltaket berører eller blir nabo til gravplassen, skal også Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark ha høve til å uttala seg. Frå 1. januar 2021 har statsforvaltaren teke over bispedømerådet sitt ansvar for godkjenning av gravplassar og som klageinstans i saker knytt til gravferdslova og gravferdsforskrifta (som no heiter gravplasslova/gravplassforskrifta). Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har ansvar for dette saksfeltet i heile landet.
E-post: sfvtpost@statsforvalteren.no

Kulturminneinteressene i området rundt kyrkja er under press i området, bl.a. i samband med at det skal byggjast ny bru og fordi det er stor etterspørsel etter tomteland. Vi reknar med at det blir teke omsyn til dette i handsaminga av denne saka. Om det blir gjeve løyve til bygging, er dei planagde husa, slik vi ser det, godt plasserte i terrenget i høve til kyrkja som er det tydelegaste signalbygget på staden.

Med helsing

Gudmund Waaler
fungerande biskop

Jens Zeuthen Meyer
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Alver kyrkjelege fellesråd

Lonsvegen 1

5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Alver kommune

Postboks 4,

5906 FREKHAUG